Avtale om ivaretaking av kunstsenterfunksjonane i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) ved avdeling Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) har ansvar for kunstsenterfunksjonane.
Avtalen erstattar tidlegare avtale om kunstsenterfunksjonane (frå 2003).

MiSF/SFKM skal oppretthalde medlemskap i, og kontakt med, Kunstsentrene i Norge (KiN). Ein representant frå SFKM - og ein kunstnar frå Kunstfagleg råd skal møte på årsmøtet i KiN.

Kunstsentera sitt samfunnsoppdrag er å stimulere til allmenn forståing for, auka kunnskap om, og auka bruk av biletkunst og kunsthandverk, samt å vere sentrale visningsstader for biletkunst og kunsthandverk, og har viktige oppgåver som regionale kompetansesenter for kunst i offentleg rom.

Kunstsenterfunksjonane skal synleggjerast i MiSF si årsmelding.

Med kunstsenterfunksjonar meinast:

1. **Ressurssenter for biletkunstnarar og kunsthandverkarar**
   MiSF skal gjennom ulike engasjement i formidling av samtidskunst bidra til å auke kunnskapen om og interessa for biletkunst og kunsthandverk frå Sogn og Fjordane. MiSF skal aktivt skape og formidle arbeidsoppgåver for kunstnarar, til dømes oppdrag knytt til kunstfagleg kompetanse. Avdelingsdirektør ved SFKM skal ha overordna ansvar for forvalting av denne avtalen på vegner av MiSF. Avdelingsdirektøren har også ansvar for å utpeike kontaktperson som skal ivareta dei praktiske oppgåvene knytt til kunstsenterfunksjonane.
   Vidare skal SFKM tilstrebe å skaffe tilstrekkelege ressursar til ivaretaking av oppgåvene i denne avtalen.

2. **Utstillingar/Medlemsutstilling**
   SFKM arrangerer ei medlemsutstilling for medlemmane i BKSF og NKVN (SF) kvart år, i tillegg til 3 - 5 utstillingar med ny samtidskunst. Utstillingane kan finne ulike former og visningsstader. Form og omfang vert avtalt mellom partane. SFKM er ansvarleg for forsikring/returtransport etter nærare avtale.

3. **Kunst i offentleg rom**
   SFKM skal ha ei formidlings- og sekretariatrolle for kunst i offentleg rom i Sogn og Fjordane. Kunstsentera er KORO sine samarbeidspartnarar og har lokal fagkompetanse på området. Offentlege og private oppdragsgjevarar vert tilrådd av KORO å ta kontakt med fylka sine kunstsenter, for bistand til oppnemning av kunstkonsulentar og gjennomføring av prosjekt.

4. **Kompetanseutvikling**
   SFKM skal legge til rette for kompetanseutviklande prosjekt og workshops i Sogn og Fjordane, med og for profesjonelle kunstnarar, og arbeide for å få på plass prosjektmidlar til dette. Kunstnarorganisasjonane kan kome med forslag til prosjekt og workshops.

5. **Formidlingssal/Sal/Kommisjonssal**
   BKSF og NKVN (SF) sine medlemmar kan levere sine arbeid til formidlings- og kommisjonssal i SFKM sine utsalsstadar. SFKM skal aktivt arbeide for å auke formidlingssal/kommisjonssal og bruk av kunst i Sogn og Fjordane. Alle avtalar skal vere skriftlege.

6. **Formidling av kunst og kunstnarar**
Kunstnarorganisasjonane pliktar å sende oppdaterte lister til SFKM.
SFKM skal formidle informasjon om kunst og kunstnarar, og ha eit oppdatert register med kontaktinformasjon og heimesider over alle dei organiserte kunstnarane i Sogn og Fjordane på sine heimesider. Der legg ein òg lenker til kunstnarorganisasjonane sine heimesider. Medlemmar utan heimesider, har sjølv ansvar for å levere mappe med dokumentasjon av eige kunstnarskap til SFKM. Informasjonen skal vere offentleg tilgjengeleg. SFKM vidareformidlar relevant informasjon til og frå kunstnarane (nyhendebrev og liknande).

7. **Kunstfagleg råd**
Kunstfagleg råd for kunstsenterfunksjonane skal arbeide etter gjeldande retningslinjer for Kunstfagleg råd og vedtekter for MiSF.

Kunstfagleg råd er eit rådgjevande organ for kunstsenterfunksjonane med tre medlemmar og er samansett slik:

- Avdelingsdirektør ved SFKM
- Eitt medlem busett i Sogn og Fjordane, oppnemnd av BKSF.
- Eitt medlem busett i Sogn og Fjordane, oppnemnd av NKVN.

Ein tilsett med arbeidsoppgåver knytt til kunstsenterfunksjonane har møte- og uttalerett, og fungerer som sekretær for kunstfagleg råd.

Kunstfagleg råd skal arbeide for konsensusavgjersler.

Medlemmane i Kunstfagleg råd skal ha personlege vara.

Oppgåver for kunstfagleg råd:

- Å innstille til regionalt BKH-stipend i Sogn og Fjordane.
- Å vurdere søknader sendt SFKM. Basert på søknad og invitasjon skal kunstfagleg råd sikre 3 – 5 utstillingar med ny samtidskunst i året.
- Å vere med og setje rammer for medlemsutstillinga.

Kunstfagleg råd skal ha møter minst 2 gongar i året. Kunstfagleg råd vert innkalla av avdelingsdirektør ved SFKM, eller når to rådsmedlem bed om det.

Når SFKM blir spurd om å nemne opp representantar til eksterne kunstfaglege komitéar, råd og juryar, skal kunstfagleg råd konsulterast.

SFKM har det faglege, administrative og økonomiske ansvaret for utstillingane i avdelinga. Retningslinjer for kunstfagleg råd skal utarbeidast av kunstfagleg råd, godkjennast av BKSF og NKVN, og vedtakast i styret for MiSF.

8. **Innstilling til Regionale prosjektmidlar i regi av KiN**
SFKM er sekretariat for Innstillingskomité (region Vest) for Regionale prosjektmidlar, i tråd med KiN sine gjeldande retningslinjer.

9. **Nettverksbygging**
SFKM skal bidra til å utvikle og styrke kunstmiljøet regionalt og vere ein interessant og aktuell aktør på nasjonalt og internasjonalt nivå, samt ivareta og utvikle nasjonale og internasjonale kontaktar.

10. **Møtestad**
SFKM skal saman med kunstnarorganisasjonane stimulere til eit fagleg og sosialt kunstmiljø. Kunstnarorganisasjonane kan vederlagsfritt nytte SFKM sine lokale til møter og samlingar etter nærare avtale. Medlem av BKSF og NKVN (SF) får personalrabatt på kjøp av mat i kaféen, og dei kan nytte seg av SFKM sitt kunstfaglege bibliotek.

11. **Arkiv**
BKSF og NKVN (SF) har ikkje eigne kontorlokale i fylket, men har høve til å plassere arkivskåp i lokala til SFKM som dei får tilgang til innanfor ordinære opningstider.

Kunstnarrepresentasjon, rådføring og innspel
BKSF og NKVN (SF) skal ha ein representant kvar i rådet for MiSF, med personlege vara. Styra til kunstnarorganisasjonane skal orienterast og rådførast når MiSF skal handsame saker som gjeld Kunstfagleg råd, og som kan påverke kunstsenterfunksjonane.

Utstillingsvederlag
Som mottakar av tilskot frå Staten, er MiSF pliktig til å betale utstillingvederlag etter gjeldande satsar. MiSF pliktar å betale vederlag for kunstutstillingar ved alle avdelingar.

Møtegodtgjersle
Når tillitsvalde frå kunstnarorganisasjonane blir kalla inn til møter i SFKM og MiSF skal dei ha møtegodtgjersle etter gjeldande satsar. MiSF dekkjer også reisegodtgjersle og overnatting for dei tillitsvalde der dette er naudsynt. Kunstnarrepresentant som deltek på årsmøte i KiN får dekka reise, opphald og møtegodtgjersle frå MiSF til dette.

Evalueringsmøter
Kunstsenterfunksjonane skal minst ein gong i året evaluerast i samtale mellom alle partar. KiN kan bistå på førespurnad.

Avtaleevaluering
Innan 4 år etter avtaleinngåing skal partane evaluere avtalen.

Kunstnarorganisasjonane skal kontaktast gjennom sine styreleiarar.

Førde, 12 / 12 2018

Styreleiar
For Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane

Styreleiar
For Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge

For Musea i Sogn og Fjordane